

INFORMASJON

# KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLADE FOR ASTRHEIM SOKN

Nr. 04-2016 Torsdag 12. mai 45. årgang

Neste nr. av KB kjem ut 23. juni 2016

Nytt stoff innan 07. juni 2016



# Kyrkjekesyss

Treng du skyss for å kome deg til gudssteneste? Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Elbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydkontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90

E-post: [kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no](mailto:kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no)  
[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)

### Kontortider:

Sokneprest:	Trefftid etter avtale
Kyrkjeleverje:	Tysdag – fredag kl. 10 – 14
	Utanom dette etter avtale

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjeleverje Bodil Monslaup	41 45 72 15
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

## Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar:	Austrheim sokneråd
Redaktør:	Svein T Villanger,
Redaksjon:	Øystein Soldal, Jorunn Kårdal.
Bankgiro:	3490.07.04196
E-post:	<a href="mailto:kyrkjeba@online.no">kyrkjeba@online.no</a>
Adresse:	5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

## GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

### Fredag 13. mai kl. 18.00

«Gudsteneste for alle»

Per Børge Hillestad

Kyrkjekaffi

### 1. pinsedag – 15. mai kl. 19.30

Salmekveld med Svein Ellingsen sine salmar

Aud og Knut Risnes

Kollekt til dekking av utgifter

### 17. mai

kl. 10 i kyrkja

kl. 11.30 på Kaland skule

Skulemusikken deltek på begge gudstenestene

Per Børge Hillestad

Takkoffer til: Kirkens Nødhjelp

### Lørdag 4. juni kl. 12.30

Dåpsgudsteneste

### Søndag 12. juni kl. 19.00

«Skatten og perlene»

Konfirmantane, Wilco Vogelaar, Mia Etokebe,

Per Børge Hillestad

Kollekt til dekking av utgifter

### Fredag 17. juni kl. 18.00

THK konser

Sjå eige oppslag i bladet.

### Søndag 26. juni kl. 11.00

Gudsteneste

Per Børge Hillestad

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

### Søndag 14. aug. Friluftsgudsteneste i Årevikane

### Søndag 28. aug. kl. 10 og 12 Konfirmasjon

### Radøy

Hordabø	10. juli kl. 11.00
Sæbø	31. juli kl 11.00
Hordabø	07. aug. kl. 11.00

## **Andakt til Matt 20,25-28**

*25 Men Jesus kalte dem til seg og sa: «Dere vet at folkenes fyrster undertrykker dem, og stormennene deres styrer med hard hånd. 26 Men slik skal det ikke være blant dere. Den som vil bli stor blant dere, skal være tjeneren deres, 27 og den som vil være først blant dere, skal være slaven deres. 28 Slik er heller ikke Menneskesønnen kommet for å la seg tjene, men for selv å tjene og gi sitt liv som løsepenger for mange.» (Matt 20,25-28)*

Det har de siste årene ikke manglet på litteratur som skal gi hjelp til personlig utvikling.

En boktittel poengterer betydningen av å være «sjef i eget liv».

Mange kan ha behov for inspirasjon til å se sitt potensiale og bli motivert til økt selvforståelse. Men det er samtidig ikke til å stikke under en stol at «meg og mitt» og egoet lett kan bli hovedfokus i arbeidet med ulike former for selvutvikling.

Bibelen taler om å elske seg selv, men ikke hoyere enn medmennesket. Kjærligheten til Gud er størst, men du skal elske din neste som deg selv, poengterte Jesus.

Det ligger menneskenaturen nær å ville framheve seg selv som den største og beste. Den tankegangen fikk også utløp blant Jesu nære venner. Da disiplene var samlet til nattverdsmåltid og avskjedsstund med Jesus, ble det en strid mellom dem. Spørsmålet de stilte var hvem som skulle gjelde for å være den største (Luk 22,24).

Teksten vår sier noe om hva som skal prege Jesu etterfølgere. Den personlige veksten skjer i samspill med tjenesten for medmennesket. Det å hjelpe andre kan bety forsakelser som oppleves tunge å akseptere, men det er samtidig dette jordsmonnet som kan gi vekst.

Konkret kan oppgavene ligge i våre nære omgivelser, og det er trolig der vi må begynne.

Barn og ungdom trenger voksenkontakt, sykehospitalpasienter besøk og foreldre og andre som nå er kommet inn i avslutningsfasen av livet, har behov for omsorg og oppmerksomhet.

Jesus er ganske konkret når det gjelder det å tjene andre. Han taler om de som sulter og er tørste, de som mangler klær og som fryser, de som er syke og de som er i fengsel (Matt 25).

«Den som vil være stor mellom dere, skal tjene de andre», understreker Jesus.

Derfor har misjon og hjelpearbeid både nært og i globalt perspektiv fulgt den kristne kirke.

Det beste forbildet til personlig vekst og selvutvikling er Jesus selv. Han, Guds sønn, kunne ha vandret omkring som den store og mektige, men han viste sin storhet i det at han kom «for å tjene og gi livet sitt til løsepenger for mange».

Per Børge





## Kyrkjebøkene i Austrheim

### Døypte:

13.03.16	Linea Bru Eide
03.04.16	Aron Molvik Sætre (døypt i Hordabø)
17.04.16	Daniel Vårbakken William Fenne Jonas Helle Øksnes Elias Vikene Gjelsvik

### Gravlagde:

11.02.16	Eliin Meyer Olsen Sognnes f. 1953
16.02.16	Odd Reidar Leikvoll f. 1944
22.03.16	Erna Elfrida Kaland f. 1921

## OFFRINGAR

Ved gudstenesta 13. mars kom det inn	kr. 9.377,-	Kyrkjelydsarbeidet
Ved sangkvelden 20. mars kom det inn	kr. 1.748,-	til dekking av utgiftene
Ved gudstenesta 24. mars. kom det inn	kr. 3.279,-	til Raknestunet
Ved gudstenesta 1. påskedag kom det inn	kr. 4.128,-	til Sjømannskyrkja
Ved gudstenesta 17. april kom det inn	kr. 4.706,-	til Misjonsprosjektet i Mali

## Utgjevingsplan Kyrkjebakken første halvår 2016

Leveringsfrist	KB kjem ut
Nr. 05/16	07. juni

23. juni (siste før ferien)

# Takk

## Hjertelig takk

til diakoninemnda, og til Aud for den fine rosa og kort eg fekk til dagen min.

Helsing  
Aslaug Fonnes

## Takk

for den fine rosa eg fekk til 80-års dagen min og takk til rosebæraren Solveig Bakke.

Helsing Oskar Fonnes

## Hjertelig takk

for fin rose til min 85 års dag, og takk til rosebæraren Britt for hyggelig kaffebesøk.

Hilsen  
Eline Thorsen

## Årås Bedehus

Tirsdag 24. mai. Bønnekveld 19:00

Søndag 29. mai. Møte kl 11:00. Følg med på heimesida ang dette møtet.

Tirsdag 07. juni. Bønnekveld kl 19:00

Meir info finn du på: [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)

Alle er velkomne til samlingane.



# LOPPEMARKED

Det blir loppemarked på Samfunnshuset

Lørdag 11. juni 2016, mellom kl 11-15.

Innlevering av lopper fredag mellom kl 17-19  
(ikke klær)

Ta kontakt med Asbjørg Lohne

hvis noe må hentes eller leveres før fredag 19..

Tlf . 918 07 436

Eierlagene av Austrheim Samfunnshus.

## **BØRGE RYLAND KJEM, KJEM DU?**

Diakoninemnda skipar til sommarfest på Kyrkjelydshuset torsdag 2.6. kl. 17.00

Program:


- Andakt ved Børge Ryland
- Song og musikk ved Kurt Hatten
- Allsong
- Rømmegraut, spekemat, lefser og kaffi
- Inngangspengar: kr. 100.

Du er hjartelag velkommen.

Meld deg på til Britt Rebnord 56167070 eller 99293902



## **Eit møte med SVEIN ELLINGSEN livet og diktinga hans**



**AUSTRHEIM KYRKJE**  
**1. pinsedag – 15. mai kl. 19.30**  
Opplegg og forteljar: Knut Risnes  
Opplesing: Aud Risnes  
Song: Rigmor Ludvigsen  
Janne Berger.  
Ved orgel og piano:  
Hermund Rebnord  
Allsong, kyrkjekaffi.  
**VELKOMEN!**



# LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

## MØTER

**Søndag 15.05** kl 11:00 Møte: Linda Nærøy taler *Søndagsskole*

**Søndag 29.05** kl 11:00 Møte: Øystein Valde taler *Søndagsskole*

**Søndag 12.06** kl 11:00 Møte: Geir Talberg taler *Nattverd*

**Søndag 26.06** kl 11:00 Møte: Geir Talberg taler

*Siste møte før sommerferien.*

---

## UNGDOMSKVELDER

fredager kl 19:30 - 22:30                    fra 7.klasse

**13.mai      27.mai      10.juni**



Austrheim sokneråd inviterer til

# KONSERT 17.juni kl.1800

i Austrheim kyrkje

Kyrkjeverge Bodil Monslaup sluttar i jobben etter over 30 år i kyrkja her i Austrheim si teneste. Dette ynskjer soknerådet å markera, og etter Bodil sitt ynskje vert det ein konsert der inntekta går til Tro, Håp og Kjærighet (THK).

Dette er ein organisasjon som driv eit omfattande hjelpearbeid i Ukraina, og dette er blitt eit hjartebarn for Bodil.

På konserten vert det lokale krefter som tek del, og det vil verta mogleg for oss alle å syngja med.

Alle opptrer gratis slik at inntektene skal gå til THK og deira arbeid.



++  
fleire...



Etter konserten vert det ei enkel samling på kyrkjelydshuset med god varm kvelds og nokre overraskinger.

Soknerådet håper at flest mogleg vert med på dette.

Arr. Austrheim sokneråd

# NMS-foreininga

## ”Kjerringrokken”

Inviterer til

TEMAKVELD og mini- basar

**Austrheim kyrkjelydshus**

måndag 13. juni kl 19.00.

### Frode B. Sætre

frå Austrheim har vore  
misjonær i Mali fleire år.  
Han vil fortelje frå dette  
landet som han har fått eit  
nært forhold til.

- Lynlotteri
- Trekning av  
loddbok



All inntekt går til  
Kyrkjelyden sitt  
misjonsprosjekt i Mali.

Enkel kveldsmat



*Alle er VELKOMNE!*

## Bodil takkar av etter snart 32 år

-Har hatt rike år og ein kjekk jobb

**10.september 1984 vart ein merkedag for Bodil. Ho tok til jobben på kyrkjelydkontoret. Det vil sei, kontoret var eit lite rom på Årås bedehus den gongen. –Eg hadde eit lite arkivskåp og ei skrivemaskin. Kopiering og slike ting måtte eg over vegen til kommunehuset for å fikse, seier Bodil Monslaup. Var vi to innom kontoret var det «fullt». Heldigvis kom me i «eige» hus i 1988, og då fekk me kontorfellesskap med prest, eittåring og organisten, legg ho til.**

Dei første åra besto jobben i å vera sekretær for soknerådet, svare på telefonar og slik ting. –Eg arbeidde 2-3 dagar for veka dei første åra, minnast ho. Om ein skal ta med litt historikk så vart Austrheim sokn fristilt frå kommunen i 1997, medan Bodil hadde stilling som kyrkjeverje frå 1990, først i deltid, men seinare å i full stilling.

Arbeidet har vore kjekt og variert, og eg har aldri vore typen som seier «dette har eg ikkje tid til», seier Bodil. Og det trur me ho så gjerne på, for ein kan observera Bodil både høgt og lågt.

**Du har arbeid med mange ulike prestar og andre medarbeidarar – korleis har det vore?**



–Det har no blitt slik at alle andre som har hatt jobb her har slutta, så det har liksom berre blitt til at eg har vorte verande her, seier ho. Ho fortel at sjølv om det har vore utskiftingar har ho følt arbeidsmiljøet som stabilt og godt. –Eg har alltid hatt eit tett samarbeid med prestane som har vore her, seier Bodil før ho ramsar opp Anders Skeistrand, Jan Ulveseth, Børge Ryland, Harad Sundsbø, Ingvar Fykse, Egon Askvik, Magne Bjørndal og no til slutt Per Børge Hillestad.

**Er det nokre ting du hugsar ekstra godt frå alle desse åra?**

Eg gløymer ikkje så lett då eg fekk mitt første sjokk i denne jobben. Telefonen ringde og i andre enden var det ein kar som gjekk rett på sak og sa «Sonen min døde i natt». Det var nok litt fjernt frå meg at eg skulle ha med slike ting å gjera i denne jobben, smiler Bodil.

Når ho no går av frå jobben som kyrkjeverge kan ho sjå tilbake på mykje av det ho har vore med på gjennom desse åra. To gravplassutvidingar, restaurering av kyrkja, nytt driftsbygg på Austrheim gravplass og tilbygg på driftsbygget på Lervåg, opprusting av kontorbygget, nye toalett ved kyrkja og fleire andre ting. – eg har fått vore med på mykje planlegging, og ser på at dette som ledd i år «bygge Guds rike», fortel ho.

Om ho sluttar som kyrkjeverje så er det berre ei nedtrapping, for det neste året skal Bodil jobba med å få lagt heile gravregisteret inn på data. Ho får seg eit lite «kontor» på kyrkjelydshuset, heilt ute i gangen.

–Eg vil ikkje vere den gamle sjefen som ikkje let nye medarbeidarar får gjere jobben på sin måte, men eg vil vere tilgjengeleg om det er behov, men lunsjpausen tek vi sjølvsagt ilag når det passar, slår ho fast.

-Noko av det eg vil sjå tilbake på med stort glede er utan tvil alle dei gode møta eg har hatt med folk i alle livssituasjonar, både glede og sorg, legg ho til.  
Av og til har eg vore med som frivillig i kyrkje, då særleg med arrangement for born, Lys vaken er ei fantastisk oppleving å vere med på.

Bodil har hatt mange jarn i elden på fritida, mellom anna innan barne- og ungdomsarbeid. Ho har tidelegare drive sundagsskule og barnekubb på Grendahuset på Bakkøy, og ho er aktiv med i strikkeklubben som grendalaget driv. Også Austrheim kyst- og sogelag er ho med i.

– Eg har nok hatt litt dårleg samvit ovanfor familien, for det har blitt litt mykje jobb og til tider for lite familieliv, seier ho ettertenksomt. Bodil er så heldig at ho har 5 borneborn i alderen frå 9 mnd til 10,5 år. Elles er strikketøyet aldri langt unna.

Når ho fortel om fritidssysler kan ho ikkje la være å nemne det som har blitt eit hjartebarn for Bodil, THK (Tro Håp og Kjærlighet) som driv aktivt hjelpearbeid i Ukraina. – Eg har vore med THK på 3 turar til Ukraina og det gjer store og sterke inntrykk, seier Bodil. Når ho no sluttar av skal Soknerådet arrangera ein konsert i kyrkja, og etter Bodil sitt ynskje går all inntekt til THK sitt arbeid.

I THK treff eg fantastiske folk som står på for andre. Å få sjå landet, hjelpearbeidet, møta borna på barneheimar og heimar for psykisk utviklinghemma gjer sterke inntrykk og ikkje minst ein «gamleheim» der dei ligg så tett at dei kan halde kvarandre i hendene, seier Bodil.

THK i Nordhordland har ein hard kjerne med frivillige på om lag 10 personar, elles er det mykje i Haugesund/Karmøy området. Totalt sender THK ca. 40 trailarlass med hjelpesendingar i året.

– Dette er eit arbeid eg vil halda fram med, og det vert ein tur i sept, seier ho.

Ein annan hobby som no kan føra til at vi ser mindre til Bodil her heime, er ein sterk utferdstrang. Bodil liker å reisa, ein tur i året må eg ha, og då gjerne i vesterled. Shetland, Skottland, Hibridene og Færøyane er alle stader Bodil har vore. – Eg liker godt å reise, og Orkenøyane vert målet i mai.

Når ho no skal slutta ynskjer ho å takka alle ho har hatt glede av å arbeide saman med alle desse åra.

– Eg har trivest godt saman med medarbeidarane som har vore her på kontoret. Eg takkar dei for samarbeidet, men eg vil også takka alle dei frivillige som har stått på alle desse åra. Av og til føler eg at eg har hatt for lita tid til å backa dei opp slik eg skulle ønskt, seier ho.

– Om eg skulle koma med gode råd til Leif Arne som no er tilsett så er det at han må arbeide for å få eit godt forhold til dei han møter i jobben, og det å væra sakleg i argumentasjonen har eg lært er ein viktig ting, seier Bodil med eit smil.

Til slutt har eg eit sterkt ønske, og det er at kyrkja og gravplassane vert haldne slik dei framstår i dag. Det har mykje å sei for heile kommunen, seier det avtroppende kyrkjeverjet Bodil Monslaup.

Austrheim Sokneråd takkar Bodil for innsatsen i desse snart 32 åra.

Helge Dyrkolbotn  
Soknerådsleiar



# Austrheimløp søndag 12.06.2016

Austrheim IL arrangerer Austrheimløp søndag 12.juni.  
Me håpar på flott vær og bra oppmøte!

**Start kl. 13:30-14:00 ved Austrheim Samfunnshus  
Påmelding frå klokka 12:00-13:30 i sekretariatet.**



Kort løype: 2,5 km (for barn t.o.m 12 år) – start kl. 14:00

Lang løype: 6 km (f.o.m 13 år og oppover) – start kl. 14:00

Trim: 5 km u/tid (for alle) – start kl. 13:30

Lang løype - rundløype med start/målgang v/Austrheim Samf.hus, går via Austrheim Krk, Solend, Årås

Kort løype - start v/ Austrheim Samf.hus med vending i rundkjøring ved veikryss mot Sævrøy/Fedje.  
Målgang v/Austrheim Samf.hus.

Trimløype er rundløype via Hjertås. Start/målgang v/Austrheim Samf.hus

Startkontigent: 100 kr for voksne (fra 13 år og oppover)

50 kr for barn (t.o.m. 12 år)

Passar for alle enten du går for seier eller vil ha deg ein fin tur!

Masse flotte premiar (gavekort m.m.).

Velkommen!



Årås skule ynskjer å takka bygdefolk, bedrifter og andre som støtta opp om skulen sin årlege solidaritetsaksjon. Også i år gjekk pengane til THK-stiftinga som driv humanitært arbeid mellom fattige i Ukraina. I år vart det ny innsamlingsrekord: 43 000 kroner. Me klarte også å fylle ein tilhengar med klede og utstyr. Takk til alle som deltok på Thk-kvelden på Årås skule. Det kjennes godt å hjelpe andre. Å vise solidaritet med andre menneske er ein av dei viktige verdiane me lærer i skulen!

Takk

For mellomtrinnet ved Årås skule; Marit Helen Skoge, teamleiar

## TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

KIRKENS  
**SOS**

# **TRIMPOSTAR 2016**

Austrheim Rotaryklubb føl opp suksessen frå i fjar og har også i år sett ut 12 trimpostar.

Då var det 550 som deltok med i alt 1250 besøk på postane.

I år har også Fedje fått ein av dei 12 postane, og nokre er blitt flytta i høve til i fjar.

Postane med kasse og registreringsbok er for det meste plasserte ved turløyper, og skal vera godt merkte med sløyfer.

Du finn dei på desse stadene:

**Post 1. Lauvåsåsen**

**Post 2. Hellestveitnova**

**Post 3. Fedje, Nordsjøløypa**

**Post 4. Aust for Vardetangen**

**Post 5. Ved Fonnesstraumen**

**Post 6. Eldrihaugen**

**Post 7. Vikingatræet, Seteneset**

**Post 8. Steinalderstien**

**Post 9. Langevatnet, Hoplandsmarka**

**Post 10. Ulvikemyrane**

**Post 11. Hammarsnuten**

**Post 12. Krossøygavlen**

Kart og nærmere omtale av postane får du hos Austrheim kommune, servicekontoret, biblioteket og Sporten Fonnes Senter.

Det same finn du også ved oppslag og i boksane på kvar einskild post.

Premiering, truleg ved loddtrekning, blant dei som har besøkt samlege 12 postar.

Premiering også til den som har flest besøk totalt, og ein uttrekt premie blant alle som har deltatt.

Postane blir tatt inn ca. 15. oktober.

**God tur!**

**Deltakinga er gratis!**

Helsing



Austrheim Rotaryklubb

## DYREHAGEN GÅRD.

Vi holder til i Leirvågvegen 95 på Fonnes,  
og vi tilbyr : Gebursdagsselskaper,  
Åpen gård,  
Gårdsbesøk for skoler/barnehager.  
Diskotek/karaoke kvelder for 4-7 klasse.  
Riding, og omplassering av smådyr.  
Utleie av hestehenger.



for ytterligere info: Anita Hansson, mob 40054843. epost:  
[anita@dyrehagengaard.no](mailto:anita@dyrehagengaard.no) eller følg oss på [www.dyrehagengaard.no](http://www.dyrehagengaard.no)

## STILLAS UTLEIE.

Nytt Jamax fasadestillas ferdig lastet på  
stillashenger leies ut. Kan være behjelplig med til/fra kjøring.

Kontakt: H.Konglevoll AS v/ Hildegunn mob.996 34 996,  
eller epost:[post@konglevollas.no](mailto:post@konglevollas.no)

## LINDÅS MINIBUSS - H.KONGLEVOLL AS.

Vi har for utleie 17 seters minibuss m/sjåfør for store  
og små oppdrag.

Skal vennegjengen til byen, eller gjester fraktes,  
barnehager, skoler, eldresenter på utflykt, så ta kontakt med :

Hildegunn mob. 996 34 996 eller Stian mob. 400 55 955.  
eller på Epost: [post@lindasminibuss.no](mailto:post@lindasminibuss.no)





## MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

**Til sammen har vi 3 815 års erfaring med bilservice i Norge.**

Rune Austrheim **Fosnøy Bilsenter AS**

### Velkommen til Bosch Car Service!

Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikken i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

[www.fosbilsenter.no](http://www.fosbilsenter.no)

Vi gjør alt for bilen din.



## Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!

Når kvalitet og service teller



*Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset*

*Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.*

*Telefon vakt 56 16 98 35*

MNTF



Vatne  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til  
med rådgivning og  
tilrettelegging ved  
begravelser og  
bisettelser.

**Ring døgnvakt:**  
**56 35 09 10**  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## RENSEANLEGG

**Har du fått pålegg om oppgradering?**  
**Vi har godkjente minirenseanlegg**

**Kontakt:**  
August Norge AS  
Avd. Vestlandet  
Tlf: 949 70 680  
Mail: [svein@augustnorge.no](mailto:svein@augustnorge.no)



**Ta kontakt for en uforpliktende befarung!**  
[www.augustnorge.no](http://www.augustnorge.no)

## Mini Frisørsalong



ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.

Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling: Mandag, Tirsdag,  
Torsdag og Fredag.

Onsdag er stengt

Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko



## Panasonic varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## Biblioteket - opningstid

### Hovudbiblioteket:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### Fonnes filial:

Torsdag kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)

God bok!

## SYMJEHALL

### Offentleg bading i bassenget på Kaland

#### Måndag

17-19 Familie/born

(foreldre med små

born vert prioritert)

19-20 Pensjonistar

20-21 Vaksne

Vaksne kr. 40,- Born under 16 år kr. 20,-  
Bassenget sine opningstider fylgjer skuleruta  
og er stengt i skuleferiar.

Husk badehette. Kan kjøpast for kr 40,-

#### Fredag

17-18 Alle

18-19 Alle

19-20 Alle

20-21 Alle

## Annonse i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside kr. 1.000,-

3/4 – 2/3 side kr. 750,-

1/2 side kr. 500,-

1/3 side kr. 350,-

1/4 side kr. 250,-

Små annonser kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

## Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

### Legevakt: 116117

### Austrheim legekontor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

KL.08.30 - 15.00.

Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

kl 08.30- 15.00

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

#### Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

### Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:

56 16 20 49

Vestlia:

56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

**Vi tilbyr også**

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

**SUN MASSASJE**

THAI OG AROMA MASSASJE

JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25

400 KR. PR.TIME

TIMEBESTILLING TLF.47957233

NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL



**Giving Hope To A Child (GHTAC)**

**Giving Hope to a Child** har på ny full fokus på vår opprinnelege plan om å bygge og drive eit «community centre» med barneheim, skule, vaksenopplæring og helse-senter i Liberia. Vi må auke talet på fadderar, og vi er glade for all støtte vi kan få. Du kan støtte dette prosjektet på ulike vis.

- Teikna deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikna deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, kto 3632 57 54065  
For meir informasjon sjå heimesida vår:  
[www.givinghope.no](http://www.givinghope.no) eller GHTAC på facebook.

*Rolf Maurseth*

*Stine B. Karlsen* Styreleiar *Jenfrid Stellberg*

Styremedlem

Styremedlem

*Ole Moen*

*Monika Thorpe*

Forretningsfører



Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

## Kajakkurs i Austrheim

Austrheim kommune ved folkehelsekoordinator vurderer å tilby svært rimelege(nesten gratis) kajakkurs i samarbeid med Nordhordland padleklubb. Dei som deltek må vera positive til å få til eit enno meir aktivt padlemiljø i Austrheim. Gjerne gjennom padleklubben. Målet er ei avdeling av padleklubben som kan ha samlingar jamleg.

Kursa er innan padleforbundet sin kursstige for å bli aktivitetsleiar:

Kurs 1) grunnkurs 16 timer

Kurs 2) teknikkurs 16 timer

Kurs 3) aktivitetsleiarkurs 16 timer,

Kurs 1 og 2 har ikkje "eksamen", kun gjennomført.

Kurs 3 må ein prestere for å "bestå", dermed viktig med trening/eigenutvikling mellom kurs 2 og 3.

Padleklubben satsar på å halde alle tre kursa i Rongevær helga 5-6.august i år. Har også planar om grunnkurs på Flatøy i nær framtid, truleg enno nokre ledige plassar der.

Det kan og bli aktuelt å arrangere kurs 1 og 2 i eigne helger framover.

Om dette kan ha interesse er det fint om du tek kontakt via  
epost: [helge.dyrkolbotn@austrheim.kommune.no](mailto:helge.dyrkolbotn@austrheim.kommune.no) eller tlf. 41662610



FOTO: FjordImage/Ola Moen

## **Kulturprisen – kom med forslag!**

Det er mange i bygda som fortener ein pris for godt arbeid, men kulturprisen vert berre delt ut annakvart år, og kandidatar til denne prisen må på ein eller annan måte ha gjort noko som set spor etter seg i kulturlivet i Austrheim.

Kulturprisen er meint å vere ein takk og ei oppmuntring til einskildpersonar, grupper eller lag som gjer/har gjort ein verdifull innsats i lokalmiljøet vårt. Innsatsen kan enten vere innanfor arbeid i frivillige lag og organisasjonar eller spesielle aktivitetar/oppgåver.

Det er formannskapet som tek stilling til kven som får Kulturprisen , men alle er oppfordra til å kome med forslag. Prisen vert delt ut i Kulturdagane Austrheim.

**Send forslag til kulturavdelinga innan 1. august.**

## **Kulturdagane Austrheim 2016**

### **22. september -2.oktober «Sjå kva vi kan»**

Det er 16. året at lag og organisasjonar, næringslivet og kommunen går saman om å arrangere kulturdagar. Grunnpilaren er aktiviteten i det lokale kulturlivet. Vi vert inspirert utanfrå, og engasjert til å lære noko nytt. Tema i år er «**Sjå kva vi kan**» og i perioden vil vi markere Kulturminnedagane med tema « Sjå kva vi kan! Kompetanse og kunnskap i kulturvernet»

Vi oppmodar til å ta kontakt med arbeidsgruppa om ditt lag/organisasjon har arrangement som kan bli med i programmet. Arbeidsgruppa: Rigmor, Anita, Helge, Steinar, Olav, Kari, Austrheim Kyst- og sogelag, og Kunsthuset Austrheim.

## **Vil du leige feriehus eller sykkel?**

Vi har ei leilighet ved Kalandsjøen og ei leilighet i Kystlandsbyen for utleige i sommar  
Opplev Austrheim AS har base i Nordhordland Næringshage AS på Mastrevik Torg, og har også utleige av vanlege syklar og el-syklar.

Vi kan også arrangere og organisere ulike arrangement og turar.  
Om dette har interesse, ta kontakt på mob. 95213012 / 41662610  
[www.opplevaustrheim.no](http://www.opplevaustrheim.no)



# Arealdelen - Offentleg høyring og ettersyn

## KOMMUNEPLAN FOR PERIODEN 2016 - 2027.

Austrheim kommunestyre vedtok i møte den 7 april 2016 å leggje kommuneplanen sin arealdel 2016 – 2027, ut til offentleg høyring og ettersyn. Dette i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 11-14 (Høring av planforslag).

Arealdelen er utarbeidd etter ei grundig vurdering av innkomne forslag og i høve til strategiane i den nyleg vedtekne samfunnssdelen. Planen består av plankart, planskildring og føresegner. Vedlegg til planen er samla konsekvensutgreiing, analyse av funksjonell strandsone og kommuneROS 2016.

De kan lese om planframlegget her i Austrheim kommune sitt digitale planarkiv [BraPlan](#). Sjå på sakshistorikk og les dokument. Høyringsdokumenta har dato 11.04.2016.

Det finnast og nyttig informasjon om innspela til arealplanen i Nordhordlandskart , meir info om det her: [Infovideo konsekvensutgreiing i NH-kart](#)

Det er også mogeleg å sjå planframlegget på kommunehuset sitt Servicekontor .

Spørsmål til kommuneplanen sin arealdel kan rettast til avdeling for plan, bygg, oppmåling og miljø i Austrheim kommune.

### Merknadsfrist er sett til 1. Juli 2016.

Merknadar kan sendast :

Digitalt rett til kommunen, trykk [her](#)  
I E-post til [post@austrheim.kommune.no](mailto:post@austrheim.kommune.no).

eller i brev til:

Austrheim kommune,  
Sætremarka 2,  
5943 Austrheim

Rådmannen



## Takk for ein flott dag med prostavisitas og inspirasjonssamling

14.april 2016 vart ein flott dag då prost Geir Sørebø vitja oss her i Austrheim Sokn. Møter , lunsj og samtalar med medarbeidrarar, møte med kommunaleiing og ei flott inspirasjonssamling med frivillige medarbeidrarar og andre i kyrkjelyden.

Nesten 60 personar var samla på kyrkjelydshuset til årsfest og inspirasjonssamling, og det vart ei flott stund med god drøs. mat, kaffi, tankevekkande dramainnslag og ikkje minst inspirasjonstale som prosten held. Han snakka mykje om dette å gje og å vera rause med kvarandre. «Sølv eller gull har jeg ei, men det jeg har vil jeg gi til dei», heiter det i både bibelen og i ein kjent søndagsskulesang. Geir Sørebø brukte historiar frå eige liv og han fortalte historie frå bibelen. Og han klarte å inspirera alle som var tilstades.

Presten vår, Per Børge Hillestad, har nett starta opp med dramagruppe både på Fedje og i Austrheim, og ungdommane i desse to gruppene hadde dramatisert 3 historiar som var både til ettertanke og inspirasjon. Vi gleder oss over dette arbeidet med ungdommane og ser fram til å sjå meir til dei.

Kyrkjeverge Bodil Monslaup gjekk gjennom årsmeldinga for Austrheim sokn 2015, og det kjem fram at det er stor aktivitet i kyrkjelyden. Dette er siste gongen at Bodil legg fram årsmeldinga, ho går av med pensjon til sommaren. Det vert markering av dette 17.juni med konsert i kyrkja og ei samling på kyrkjelydshuset etterpå.

Soknerådet har alt tilsett erstattaren, og soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn, kunne introdusira Leif Arne Økland som det nye kyrkjeverget/dagleg leiar. Han tek til i jobben 15.august og seier at han føler seg ynskt og han gleder seg til å ta til.

Som soknerådsleiar ynskjer eg å takka alle som var med på inspirasjonssamlinga, særleg takk til alle frivillige som gjer ein fantastisk jobb for kyrkjelyden. Og takk til medlemmane i soknerådet som sto på og ordna til denne kjekke kvelden. De er alle verdifulle perler!

HelgeD



Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

## **VELSIGNELSE FRÅ DET 4. ÅRHUNDRE**

**Herren være FORAN deg  
For å vise deg  
Den rette vei.**

**Herren være VED SIDEN AV deg  
For å lukke deg inn  
I sine armer  
Og beskytte deg.**

**Herren være BAK deg  
For å bevare deg  
For menneskers ondskap.  
Herren være UNDER deg**

**For å fange deg opp  
Når du faller, og redde deg ut av snarene**

**Herren være I deg  
For å trøste deg  
Når du har det vondt.**

**Herren være OVER deg  
For å velsigne deg.**